

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar Thor
Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg,
Thomas Nilssen

Ole Erik Feragen – 1.vara,

Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes
representant, Sina Myhr under sakene 18 og 21, John Stenersen under
sak 23.

Tid: Onsdag 25.03. kl.13-15, torsdag 26.03. kl.13-15

Stad: Via Teams (på grunn av koronavirus)

Referat

- Styresak 2020/16** Innkalling og sakliste
- Styresak 2020/17** Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2020/18** Korona-virus – konsekvensar for sommarens arrangement, og eventuelt andre delar av organisasjonen.
- Styresak 2020/19** Årsmelding 2019
- Styresak 2020/20** Årsrekneskap 2019
- Styresak 2020/21** Klage på Frifond-handsaming
- Styresak 2020/22** 100-årsjubileum – førebels plan
- Styresak 2020/23** Folkelarmprisen og kategoriar
- Styresak 2020/24** Årets folkemusikkfotografi – evaluering og utlysing
- Styresak 2020/25** Eventuelt

Styresak 2020/16 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2020/17 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 16.03.20

a. Rådgjeving/Opplæring/service

- i. Vi har informert om søknadsfristar for Frifond kompetanse og aktivitet, og gitt råd når det gjeld søknadsskriving.
- ii. Vi har gitt informasjon om korona-viruset, som er relevant for medlemmene i FolkOrg.
- iii. Vi har vore til stades på årsmøta i Trøndelag folkemusikklag, Hordaland folkemusikklag og Hedmark folkemusikklag, med tilhøyrande kappleikar.
- iv. Vi har informert om ei rekke tilskotsordningar.
- v. Vi har informert om plattformer for livestreaming av konsertar.

b. Formidling og arrangement – oppsummering:

- i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Har gjort mykje førebuing på årets arrangement både når det gjeld dommarar, informasjon, invitasjonar mm.
 2. Vi har søkt om å få vidareført Fureprisen og Furestipenda.
 3. Vi har byrja samarbeidet med neste års arrangørar.
 4. Arbeidet vert endra med vedtaket om at LK og LF 2020 vert avlyst.
- ii. Folkelarm
 1. Planlegginga av Folkelarm er godt i gong.
 2. Vi har byrja å invitere delegatar.
 3. Juryen er i gong med arbeidet med å velje artistar.
 4. Vi har hatt eit møte med Steven Tetz frå Nordic Bridges/Habour front centar i Canada om å få norske artistar til Canada
 5. Vi har hatt møte med TEMPI om artistar til Folkelarm og artist til Folk Spot Denmark.
 6. Vi har hatt møte med Trad.Ireland og den Norske ambassaden i Irland om det Irske marknaden og mogleg samarbeid.
 7. Arbeider med oppdatering og vidareutvikling av nettsider og app.
- iii. IntroFolk
 1. Vi har hatt jurymøte og vald ut dei artistane som skal være med i konkurransen.
 2. Vi har avtalt med vertsfestivalane kven som skal spele kor.
 3. Vi har informert artistane om kven som skal spele kor og at dei er med i konkurransen.
- iv. Meisterkonserten i operaen
 1. Pressemateriell til konserten er sendt til Operaen og blir publisert i deira haustprogram og på nett
- v. Lokalkappleikar:
 1. Vegleia Hordakappleiken, Sogn og Fjordane-kappleiken, Markenskapleiken og Jørn Hilme-stemnet i bruk av kappleikadmin.

c. Informasjon og opplysning – oppsummering:

i. **Folkemusikk – magasinet:**

1. Folkemusikk nr. 2/2020 er i produksjon, og dei fleste artiklane blir tinga. Planlagt utgiving er i veke 21. Førbeles arbeider alle delar av vår totalleverandør Polinor som vanleg med annonsesal, trykking, pakking, men dette kan sjølvstøtt endre seg på kort varsel.
2. Redaktøren reknar det som truleg at det blir seld færre annonser til utgåve 2/20 enn planlagt pga. koronaviruset, då dei fleste annonsørane er arrangørar av ulike sommaraktivitetar som kan bli avlyste. I så fall vil det påverke 2020-budsjettet negativt. Det er for tidleg å seie om dette vil skjje.
3. Podkast: Podkastane er klare for publisering i desse dagar. Sleppmarkering var planlagt for Norsk folkemusikkklags seminar på Rauland i mars, som blei avlyst. Info om publiseringa kjem snarleg på folkemusikk.no og i sosiale medium.

ii. **Anna informasjonsarbeid**

1. **FolkOrg.no**

- a. Vi har gitt mykje informasjon kring korona-viruset og følgene av det.
- b. Vi har gitt mykje informasjon kring korona-viruset og følgene av det.
- c. Har fylgt opp nyhetsfeed frå Meltwater og delt div saker på Facebook
- d. Har laga Snapchatplan for 2020 og invitert fleire til å bruke kontoen. Det blir nok fleire avlysingar grunna koronaviruset, så det vert tenkt litt nytt her.
- e. Har kontakt med leverandør av APPane våre, vi ønskjer å få oppdatert desse tidligare i år på grunn av feil som vart gjort for Folkelarm i fjor. Leverandøren jobbar med å oppgradere appane til ny versjon. Vi sjekkar med dei jamleg for oppdatering.

d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Vi har gjennom direkte brev til Kulturdepartementet og gjennom å dele og stø opp om andre organisasjonars tiltak, pressa på for at kulturfeltet, og då spesielt utøvarar og arrangørar, skal få kompensasjon for dei tap dei får som følgje av korona-viruset.
- ii. Vi har sendt innspel om statsbudsjettet 2021 saman med Arrangørforum.
- iii. Vi har kome vidare i planlegginga av Arendalsuka. Har mellom anna sendt førespurnad til politikarar om å delta.
- iv. Har delteke på karrieredag på NMH med informasjonsstand.

e. Særskilde satsingar

i. Rekruttering

1. Hatt framlegg om rekrutteringsprosjekta for styret i Dextra musica
2. Har lyst ut midlar for 2020

Andre ting

- f. Mykje av tida i det siste har gått til rekneskapsavslutning, årsmelding osv. I tillegg til alt det som er nemnt over.
- g. Unntakstilstanden som korona-viruset har ført til har allereie ført til mykje arbeid.

b) Rekneskapsrapport per 29.02.2020

c) Deltaking på representantskapsmøte i Stiftinga Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

d) Årsrapport 2019 og protokoll frå årsmøte i Telemarksfestivalen

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Ingen merknad*
- b) Ingen merknader til tala. Styret treng berre den overordna rapporten til vanleg, med merknader frå dagleg leiar på prosjektnivå. Ein gong i halvåret får styret meir detaljerte rapportar.*
- c) Representantskapsmøte i Stiftinga Norsk senter for folkemusikk og folkedans vert utsett til hausten, og vi kjem attende til kven som skal representere FolkOrg*
- d) Ingen merknad til årsrapport 2019 og protokoll frå årsmøte i Telemarksfestivalen.*

Styresak 2020/18 Korona-virus – konsekvensar for sommarens arrangement, og eventuelt andre delar av organisasjonen.

Vedtak:

Landskappleiken 2020 og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2020 vert avlyst grunna korona-viruset. Etter dialog med arrangørane frå i år, og dei kommande åra, blir det Landskappleik på Rjukan 23.-27.juni 2021, og Landsfestival i gammaldansmusikk i Vågå 4.-8.august 2021.

Styresak 2020/19 Årsmelding 2019

Vedtak: Styret vedtok framlegg til årsmelding med vedlegg, med små korrigeringar.

Styresak 2020/20 Årsrekneskap 2019

Vedtak: Styret godkjenner årsrekneskap 2019.

Styresak 2020/21 Klage på Frifond-handsaming

Vedtak:

Unge Folkemusikere i Oslo får utbetalt driftstilskot tilsvarande det dei ville ha fått om søknaden hadde blitt handsama saman med dei andre Frifond-søknadane. Vi går i dialog med dei andre som var i same situasjon, og betaler ut driftstilskot på same vis om dei ønskjer det.

Styresak 2020/22 100-årsjubileum – førebels plan

Vedtak:

- a) *Styret meiner at skissa til feiring av 100-årsjubileum og eventuelt folkemusikkens og folkedansens år i 2023, er eit godt utgangspunkt for ein søknad om tilskot. Arbeidsgruppa arbeider vidare med søknaden.*
- b) *Vi tek kontakt med statssekretær Knut Aastad Bråten for å snakke om prosjektet.*
- c) *Vi går i dialog med andre musikkorganisasjonar om kva eit folkemusikkens og folkedansens år kan bety for dei.*
- d) *Forprosjektnemnda lagar søknaden ferdig og legg den fram for styret på møtet i juni.*

Styresak 2020/23 Folkelarmprisen og kategoriar

Vedtak:

- a) *Styret vil ha tilbake ein sak i neste møte, der dei skal drøfte om dei vil revidere vurderingskriteria for Folkelarmprisane og om det skal innførast rullerande prisar i tillegg.*
- b) *Vinnaren av Årets folkemusikar får ein pengepremie på kr 15 000 i tillegg til statuett og diplom.*
- c) *FolkOrg innfører ikkje avgift for å melde på plateutgjevingar til Folkelarmprisen.*

Styresak 2020/24 Årets folkemusikkfotografi – evaluering og utlysing

Vedtak:

Informasjonsrådgjevar lagar ny utlysningstekst for 2020 basert på vedtak i styret. Styret gjorde desse avklaringane:

- a) *Kven som helst kan no nominere fotografiar til Årets folkemusikkfotografi.*
- b) *FolkOrg held fast på at vi ikkje skal ha fleire enn ein fotopris.*

- c) *Vi etablerer ein eigen jury for å kåre Årets folkemusikkfotografi.*
- d) *Juryen skriv ei grunngjeving for val av Årets folkemusikkfotografi.*
- e) *Retningslinene for Årets folkemusikkfotografi er:*
 - a. Bileta må være teke i forbindelse med eit folkemusikkrelatert arrangement i Noreg. Då 2020 er eit spesielt år på grunn av korona-viruset, er vi opne for kreative folkemusikk og folkedansbileter som ikkje er knytt til eit vanleg arrangement
 - b. Bileta må være teke i perioden som gjeld for utgjevingar til Folkelarmprisen, men er i år utvida med ein måned. Frå 1. september 2019 til 1.oktober 2020. Slik vil bilete frå alle festivalar/arrangement i løpet av det siste året kunne bli representert.
 - c. Det bør være tydelege element av folkemusikk og/eller folkedans på biletet.
 - d. Dersom det er nærbilete av ein eller få personar, må dei som er på bileta ha godkjent at bileta vert sendt inn til kåringa.
 - e. Alle kan sende inn totalt tre bilete til juryen. Dersom ein sender inn bilete som andre har teke må det presiserast kven som har teke biletet og kven som eventuelt er avbilda. Dersom slik informasjon manglar vert ikkje biletet vurdert i kåringa.
 - f. Fotografen vert alltid kontakta for å kunne gje samtykke til bruk av fotografiet i samband med kåringa, samt for avklaring av godkjenning frå dei som eventuelt er avbilda på fotografiet.
 - g. Tre bilete vert nominert til prisen, ein fotograf kan berre verta nominert med eit bilete.
 - h. Årets folkemusikkfotografi består av ein kategori og eit bilete vert kåra som årets folkemusikkfotografi.

Styresak 2020/25 Eventuelt

a) Invitasjon til samarbeid kring prosjektstilling frå Agder folkemusikkarkiv.

Vedtak: FolkOrg stør initiativet frå Agder folkemusikkarkiv til å søke om å få ei prosjektstilling i folkedans, men ønskjer ikkje å vere part i søknaden. Vi stør rekrutteringsarbeidet i Noreg mellom anna gjennom rekrutteringsprosjektet vi har i samarbeid med Dextra Musica.

b) Førespurnad om i bidra til å auke grunnfondet til Stiftinga Hilmar Alexandersen.

Vedtak: FolkOrg ønskjer ikkje å auke vår grunnfondinnskyting i Stiftinga Hilmar Alexandersen i denne omgang.

